



JORDBRUK PÅ HARD LEIRE

ØLVE har ein spesiell jordart. Her er det ekstra hard leirjord. Det merkar dei som arbeider med utgraving av bustufter og liknande. Då krevst det ofte ekstra store gravemaskiner og til tider dynamitt for å koma ned i dei kompakte massane. Årsaka til det er breveksten mot slutten av istida: Leira, som først vart avsett framfor breen, kom under stort trykk då breen seinare voks og glei fram over leira.

Svein Nord


Då breen kalva tilbake i Hardangerfjorden for om lag 14 000 år sidan, stoppa iskanten eit stykke innanfor Ølve. Elva som munna ut i fjorden under breen, førte med seg smeltevatn med store mengder leire, som vart avsette på havbotnen like utanfor (a på teikninga). Etersom hav-

nivået då var om lag 75 meter høgare enn i dag, vart leira avsett både på fjordbotnen og på det som no er dei flate områda nord for Ølveshovda og nordvestover mot Håvik, som då låg under vatn. Det levde fleire sortar skjel i denne leira, og bitar av dei viser seg å vera om lag 13 300 år gamle.


Kvifor klarte ikkje isbreen å fjerna den mjuke leira, når han ikkje hadde problem med å riva laus store fjellstykke? Leirmassen er sett saman av ørsmå flak med vassfylte porer imellom. Då breen trykte leira saman, auka trykket i porene, slik at breen ikkje grov så mykje, men i staden berre glei fram over leira, om lag som ved vassplaning.

Så følgde det ein kuldeperiode (yngre dryas) som førte til at breane voks. Hardangerfjordbreen gjekk over leira på Ølve og ut til Halsnøy og Huglo og la etter seg endemorenane der. Høgda på sidemorenane på Rosendsida viser at det har lege om lag 400-500 meter tjukk is ovanpå leira på Ølve (b).


Etter at isbreen smelta inn Hardangerfjorden att, gjekk kalvinga så fort at det ikkje vart avsett nemnande leire på Ølve. Landet byrja å stiga, og leirflatene vart litt utvaska i stranda, men sidan dei var så kompakte, vart det meste liggjande att.



(a) 13 500 ÅR SIDAN



(b) 11 700 ÅR SIDAN




(c) I DAG

Utviklingsstadium i danninga av den harde leira i Ølve. (Inge Aarseth/Masaoki Adachi)

EIT NATURLEG DRIVHUS

ØLVESHOVDA (252 mob.) er ein særeigen fjellformasjon med markert brattkant mot sør-vest. Ved foten av brattkanten ligg eit skogområde der naturen har sytt for ekstra drivande lokalklima. Det bratte berget samlar opp varme, og gir lune vekstforhold med relativt lite vind. Nærleiken til den opne og breie fjorden gjer dessutan at det blir lite frost i vinterhalvåret. Skal ein dra hit, er det lettast å koma sjøvegen. Ølveshovda ligg naturleg, fint avgrensa på ei halvøy utan veg.

Her ved foten av fjellet er det mest furuskog, både næringsfattig med lyngvegetasjon og næringsrik med urter og gras. I den rike furuskogen finn vi spreidde edellauvtrær som alm, ask, lind og svartor. Kristtorn er vanleg i beileområdet, vanlegast som spreidde tre, men nokre stader òg som tettvaksen skog. Barlindskog finst òg, mest oppunder berget i sør, der temperaturforholda er særleg gunstige. Strandlinja er lang, og på berga nær sjøen trivst mellom anna blodstorkenebb (biletet) og fleire strandplanter.



Bjørn Moe



I furuskogen:
barlind
blåstorr
bergfaks
lundgrønaks
kristtorn
kusymre
skogbingel

Langs stranda:
blodstorkenebb
kystbergknapp
strandlauk

